



MESTERHUS

- det blir som avtalt

Lindås Kommune

Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

HJELMÅS, 10.11.2015


Tilleggsopplysninger / redegjørelse ang. støytiltak – gbnr. 214/126

Me viser til kommunikasjon mellom oss, Lindås Kommune og Statens Vegvesen i denne saka, siste brev frå STV datert 04/11-2015.


For at kommunen lettare skal kunna ta stilling i saka sender me ein foreløpig redegjørelse / prosjekteringsplan for å stettha eventuelle støykrav.

For utarbeidning av dette har me støtta oss på dokumentasjon som beskrevet i seinare i brevet, samt opplysningar i byggesak på gbnr 212/93 – sak nr 280/15.

Som kartutsnitt under syner ligg heile bustaden i gul sone, medan sør-vestre del av eigedomen ligg i raud sone. Ein del av uteoppahaldsarealet er tenkt tilrettelagt på nordvestre del av eigedommen, bak huset, og om naudsynt ivaretatt med skjermvegg mot E-39.



Kartutsnitt med støysoner.



Utsnitt frå situasjonsplan vedlagt søknaden.

Hålås & Sønn as
BYGGEVAREHANDEL



MESTERHUS

- det blir som avtalt

Føreslårte tiltak for å ivareta eit tilfredstillande støynivå er foreløpig:

- Vegg i tilbygg, samt i eksisterande bygg, vil bli utført som «Yttervegg med to hulrom». Vist i byggforsk blad 523.422 tabell 42.
- Vindauge i tilbygg, samt eksisterande del, vil bli utført som beskriven i byggforsk datablad 533.109 tabell 62. «to lags vindu med isolerglass med laminert glass på en side.»
- Lyd absorberande skjervegger montert i bakkant på tørkehus, med front på vegg mot nord-vest for å sikra skjerming av arealet frå støy.

Desse tiltaka vil så langt me kan sjå tilfredstilla krava om 30dB lydnivå innandørs, samt ivareta eit uteoppahaldsareal med tilfredstillande støynivå.

Dei føreslårte tiltaka vil bli vidare utreda og dokumentert som del av prosjektering i saka, og ytterlegare tiltak kan tilkomma om ein finn det naudsynt.

Ein stor positiv effekt me meiner må vektleggjast i vurderingane, som og er viktig for tiltakshavar, er at ein ved gjennomføring av prosjektet oppnår betydeleg forbeting av støynivået i forhold til dagens situasjon. Bustaden er i frå 1970 og er ikkje bygde med særleg fokus på støynivå. Dagens tekniske løysingar for reduksjon av støy gjev ein heilt anna effekt en det som var tilfelle den gong, og vil forbetra situasjonen betydeleg.

Ved å gjennomføra tiltaket og inkludera støytiltaka også på den eksisterande delen, vil ein i realiteten sikra eit lågare støynivå og eit langt betre bumiljø en det som er status på bustaden pr. i dag.

Med vennleg helsing
Kålås & Sønn Byggevarehandel AS

Lars Alvær Hagesæter
Daglig leder

Tlf.: 45 20 18 19
E-post: lars@kalasbygg.no

Kålås & Sønn AS
BYGGEVAREHANDEL